

Saksbehandlar: Susan Husabø, Opplæringsavdelinga
Sak nr.: 14/5244-2

Evaluering av ordninga "Spissa idrettstilbod i vidaregåande opplæring"

Fylkesdirektøren rår hovudutval for opplæring til å gjere slikt vedtak:

1. Resultatet av evalueringa syner at ordninga «Spissa idrettstilbod i vidaregåande opplæring for potensielle toppidrettsutøvarar» har fungert i samsvar med målsettingane.
2. «Spissa idrettstilbod i vidaregåande opplæring for potensielle toppidrettsutøvarar» vert ikkje prioritert vidareført etter 2016-2017. Det vert ikkje teke inn elevar til vg1 skuleåret 2015-2016

Vedlegg:

Andre dokument som ikkje ligg ved:

SAKSFRAMSTILLING

Bakgrunn for saka

Hovudutvalet for opplæring gjorde i møte 15.2.2012(sak 1/12:) vedtak om å starte opp ei ordning med spissa idrettstilbod i vidaregåande opplæring for potensielle idrettsutøvarar. I vedtaket, punkt 6, står at ordninga skal evaluerast før opplæringstilbodet for skuleåret 2015-2016 vert lyst ut.

HO-sak 1/12 Spissa idrettstilbod i vidaregåande skule

1. Det vert starta opp eit spissa idrettstilbod i vidaregåande opplæring for potensielle toppidrettsutøvarar for/frå skuleåret 2012-2013. Tilbodet gjeld alle tre årssteg. Tilbodet vert starta opp med tre idrettar etter idrettskrinsen si prioritering i sak 57/11-12, 25.11 2012. Dei tre idrettane er:

- *Skiskyting, Stryn vidaregåande skule*
- *Fotball, Sogndal vidaregåande skule*
- *Volleyball, Hafstad vidaregåande skule*

2. Den økonomiske ramma for 2012 er 375 000 kr, 125 000 kr pr. idrett. Frå 2013 og ut økonomiplanperioden 2012-2015 er ramma 250 000 kr pr. idrett pr. år.

3. Det er ein føresetnad for full deltaking i det spissa idrettstilbodet at elevane søker utdanningsprogramma idrettsfag eller studiespesialisering. Søkjarar til andre utdanningsprogram kan etter avtale med skulen ta del i tilbodet innan vedteken økonomisk ramme.

4. Søkjarar til dei tre utvalde idrettane/skulane søker innan 1.mars. Søknadane vert handsama etter gjeldane ordning for potensielle toppidrettsutøvarar.

5. Noverande ordning for potensielle toppidrettsutøvarar i Sogn og Fjordane vert vidareført for idrettar som ikkje er med i det spissa idrettstilbodet

6. Tilbodet skal evaluerast i framkant av utlysing av opplæringstilbodet for 2015-2016. Fylkeskommunen skal saman med Sogn og Fjordane idrettskrins definere måloppnåing og kriterier for evaluering.

Fylkesdirektøren og Sogn og Fjordane Idrettskrins utarbeidde, i etterkant av vedtaket i hovudutvalet, desse kriteria for evaluering av ordninga:

1. *Tal søkerar og tal inntekne elevar som og gjennomfører utdanning gjennom satsinga spissa idrettstilbod.*
2. *Reduksjon i tal elevar frå Sogn og Fjordane ved toppidrettstilbod i andre fylke, offentlege og private. Grunnlaget for evaluering er HO- sak 1/12, oversikt over tal elevar i toppidrettstilbod i andre fylke 2011-2012.*
3. *Resultat/prestasjonar oppnådd undervegs og ved fullført vidaregåande opplæring:*
 - a. *uttak til/deltaking i prestasjonsgrupper på særforbunds nivå som landslag eller satsingsgruppe.*
 - b. *oppnådde plasseringar i nasjonale eller internasjonale stemner, t.d. medalje i NM og/eller plassering i seriesystem.*

Dei tre skulane og Sogn og Fjordane idrettskrins hadde frist til 1.9.2014 for å levere data som grunnlag for evalueringa. (vedlegg 1 og 2) Data rapportert inn frå Sogn og Fjordane idrettskrins og dei tre vidaregåande skulane er grunnlaget for evaluering av punkt 2 og 3. Grunnlagstal for søkerar og inntekne, evalueringspunkt 1, er utarbeidd av fylkesdirektøren.

Oppsummering av evalueringskriteria

1. Tal søkerar og inntekne

Spissa idrettstilbod i vidaregåande opplæring for potensielle toppidrettsutøvarar		2012-2013			2013-2014			2014-2015		
		tal søkjarar	tal inntekne frå SFJ	tal inntekne totalt	tal søkjarar	tal inntekne frå SFJ	tal inntekne totalt	tal søkjarar	tal inntekne frå SFJ	tal inntekne totalt
Sogndal vidaregåande skule	Fotball									
	vg1	0	0	0	2	1	1	4	4	4
	vg2	5	4	4	11	4	4	10	5	5
	vg3	10	6	6	4	3	3	8	5	5
	SUM	15	10	10	17	8	8	22	14	14
Hafstad vidaregåande skule	Volleyball									
	vg1	11	11	11	6	5	5	5	5	5
	vg2	6	6	6	5	5	5	7	5	5
	vg3	0	0		6	5	5	5	5	5
	SUM	17	17	17	17	15	15	17	15	15
Stryn vidaregåande skule	Skiskyting									
	vg1	6	4	6	1	0	1	5	4	4
	vg2	6	3	5	3	3	3	3	0	0
	vg3	5	5	5	4	2	4	4	3	4
	SUM	17	12	16	8	5	8	12	7	8
	SUM totalt	49	39	43	42	28	31	51	36	37

Skuleåret 2012-2013 var det i alt 49 søkjarar, 2013-2014 var det 42 og til inneverande skuleår 2014-2015 var det 51 søkjarar. Første skuleår i prosjektperioden (2012-2013) tok Sogndal vidaregåande skule inn 10 søkjarar på vg3, då det ikkje var søkjarar til vg1. Ordninga «spissa idrettstilbod» vart vedteke i februar 2012, informasjon ut til potensielle søkjarar vart difor utfordrande for skulane/særidrettane. Til dei to andre idrettane var søkjartalet godt også første året.

Tilsvarande tok Hafstad vidaregåande skule inn i alt 11 søkjarar til vg1 første året. Erfaringane tilsa at dette ikkje var gunstig, og frå år to har nivået vore tilnærma 5 per årstrinn.

Interessa blant idrettsutøvarar i dei tre idrettane er god, og søkinga syner at kapasiteten med inntil 5 plassar per nivå stort sett er tilpassa behovet, og samtidig gjev nødvendig konkurranse.

2. Reduksjon i tal elevar frå Sogn og Fjordane ved toppidrettstilbod i andre fylke, offentlege og private

Skuleåret 2011-2012 var i alt 22 elevar frå Sogn og Fjordane som var elevar ved vidaregåande skular med toppidrettstilbod i andre fylke. Desse var knytte til 11 ulike idrettsgreiner. Ved å kontakte den einskilde skule fekk vi opplyst at det var seks elevar i langrenn/skiskyting, to elevar i fotball og fire elevar i volleyball.

Dette tallgrunnlaget er då utgangspunktet for vurdering av om det har vore ein reduksjon i søking til tilbod i andre fylke i dei tre idrettane med «spissa idrettstilbod».

Evaluering av ordninga var eitt av tema på felles møte mellom Sogn og Fjordane idrettskrins, særidrettane og fylkesdirektøren 19.11.2013. Ein av konklusjonane var at idrettane har så god oversikt over utøvarar i sine idrettar at dei enkelt kunne skaffe tal over våre utøvarar i andre fylke. Tala som er nytta i saka er soleis rapporterte inn frå idrettskrinsen (vedlegg 1)

Oversikt over elevar frå Sogn og Fjordane som har starta på toppidrettstilbod i andre fylke			
	2011-2012	2012-2013	2013-2014
Fotball	2	7	2
Skiskyting	6	1	2
Volleyball	4	1	0
Totalt	12	9	4

Tala syner at det har vore nedgang i tal elevar som søker seg til toppidrettstilbod i andre fylke i dei tre idrettane der vi har hatt tilbod om spissa idrettstilbod.

3. Oppnådde resultat og plasseringar

Tredje kriterium for evaluering er oppnådde resultat og plasseringar. Det er vanskeleg å vurdere resultat i individuelle idrettar på same vis som for lagidrettar. I lagidrettar utgjer utøvarane i prosjektet berre ein del av laga, mens individuelle utøvarar stort sett skapar sitt eige resultat (stafettlag er unntaket).

Fylkesdirektøren har summert opp det skulane har spelt inn.

Fotball ved Sogndal vidaregåande skule :

Samla for elevar som har delteke i prosjektperioden							
Fotball	Tippeliga	1.divisjon	2.divisjon	3. divisjon	Satsingsgruppe	Sum	Uttekne til aldersbestemte landslag
Gutar	6	0	1	7	2	16	3
Jenter	0	10	0	1	0	11	5
SUM	6	10	1	8	2	27	

Volleyball ved Hafstad vidaregåande skule :

2013-2014				
Volleyball	elitelag Førde VBK	1.divisjon Førde VBK	sum	Uttekne til aldersbestemte landslag
Gutar	3	5	8	
Jenter	7	0	7	5
SUM	10	5	15	
3 av 5 gutar uttekne til 1. divisjon er også uttekne til elitedivisjon				
1 av jentene utteke til aldersbestemt landslag er også utteke til seniorlandslaget				

Skiskyting ved Stryn vidaregåande skule:

2012-2013			
skiskyting	Sommar NM	JR-NM	Uttekne til landslag
Gull	1	4	
Sølv	2	3	1
Bronse	1		
2013-2014			
skiskyting	Norgescup		
3.plass	3		
mellom dei 10 beste	3		

Som oppsummeringane syner er det oppnådd ein del resultat i toppnivå, både i individuelt og som lag. Ordninga vart sett i gang ut frå føresetnadane om at utøvarane skulle vere/kunne bli potensielle toppidrettsutøvarar. To år er kort tid i slik samanheng, og for mange er utvikling fram mot eit høgare mål det mest realistiske målet på denne tida.

Fylkesdirektøren sine vurderingarOppsummering av evalueringskriteria

- Søkjartala er noko varierende, men totalt er det god interesse for tilboda.
- Det har vore nedgang i tal søkjarar frå Sogn og Fjordane til toppidrettstilbod i andre fylke.
- Skulane sine oppsummeringar syner at det er mange gode lag- og enkeltprestasjonar. Det er positivt og stimulerande for utøvarane, skulane og særiddrettane. Fylkesdirektøren ser at det likevel er vanskelegare å evaluere prosjektperioden på grunnlag av resultatata som er lagt fram, enn ein tenkte då kriteria vert utarbeidde. På kva nivå kan ein forvente at resultatata skal vere for utøvarar som er definerte som potensielle toppidrettsutøvarar ?

Fylkesdirektøren meiner at særiddrettane gjer eit godt arbeid i vurdering av søkjarane, med tydelege prioriteringar av kven som held høgt nok idrettsfagleg nivå til å kome med i ordninga. Sogn og Fjordane idrettskrins gjev uttrykk for same oppfatning i si evaluering.

Fylkesdirektøren si vurdering er at ordninga «spissa idrettstilbod i vidaregåande opplæring for potensielle idrettsutøvarar» har vore vellukka ut frå dei oppsette evalueringskriteria.

Tilpassing til lokal inntaks- og formidlingsforskrift

I prosjektperioden, frå skuleåret 2012-2013, har søkjarar som særiddrettane har funne idrettsfagleg kvalifiserte, fått ein reservert plass i inntaket. Dette vil ikkje vere i tråd med sentral inntaksforskrift som gjeld frå september 2013 eller lokal forskrift som utfyller den sentrale forskrifta. (Sjå eiga sak)

Ny inntaksforskrift og lokal forskrift fastset at inntak til vidaregåande opplæring i alle hovudsak skal skje på grunnlag av karakterpoeng. Det er opning for å gje tilleggspoeng for prestasjonar i utdanningsprogramma idrettsfag og musikk, dans og drama.

I fylkesdirektøren sitt framlegg til lokal inntaks- og formidlingsforskrift, (vert også handsama i møte 23.9) vert det tilrådd å endre praksis for å oppfylle krava i sentral inntaksforskrift. Ny praksis vert:

§ 6 Inntak på grunnlag av prestasjonar i idrett

- *Sogn og Fjordane fylkeskommune har ordningar for inntak på grunnlag av dokumenterte ferdigheiter i idrett.*
- *Søklarar til desse ordningane må sende søknadsskjema med vedleggsskjema og dokumentasjon frå særkrins/klubb som stadfestar dei idrettslege prestasjonane.*
- *Sogn og Fjordane idrettskrins prioriterer mellom søkjarane.*
- *Søklarar som vert prioriterte får 3 tilleggspoeng. Desse kjem i tillegg til konkurransepoenga.*

Dette betyr at søkjarane som vert prioriterte av idrettskrinsen primært konkurrerer på poeng, med 3 tilleggspoeng. Dette kan føre til at søkjarar med gode idrettsfaglege prestasjonar, men låge konkurransepoeng, ikkje får inntak.

Økonomisk innsparingskrav- konsekvensar for vidareføring etter prosjektperioden

I vedtaket om oppretting av ordninga vart det føresett at ordninga skulle evaluerast før saka om opplæringstilbodet for skuleåret 2015-2016 vert handsama av hovudutvalet. Det er løyvd 750 000 kr per år til ordninga, til og med skuleåret 2016-2017. Det betyr at det er budsjettert for at elevar inntekne til ordninga på vg1 2014-2015 skal gå vg2 2015-2016 og vg3 2016-2017.

I fylkesdirektøren si saksutgreiing til HO-sak 18/14 «Budsjett 2015 og økonomiplan 2015-2018 - prioritering i opplæringssektoren» er «Spissa idrettstilbod i vidaregåande opplæring for potensielle toppidrettsutøvarar» plassert i prioriteringsgruppe 3, tiltak nr 33. Tiltaket har ikkje innsparingspotensiale, då tiltaket berre er finansiert fram til og med skuleåret 2016-2017. Vedtak om vidareføring av tiltaket på eksisterande nivå, med nytt opptak av elevar frå hausten 2015, krev løyving på 750 000 kr pr. år frå skuleåret 2017-2018.

Fylkesdirektøren si tilråding:

Ut frå dei valde evalueringskriteria er det fylkesdirektøren si vurdering at «Spissa idrettstilbod i vidaregåande opplæring for potensielle toppidrettsutøvarar» ser ut til å ha fungert godt. Søkinga har stort sett vore god, det har vore reduksjon i søkinga til toppidrettstilbod i andre fylke, og det er lagt fram dokumentasjon på gode idrettsprestasjonar.

På bakgrunn av dei økonomiske utfordringane for fylkeskommunen finn fylkesdirektøren likevel ikkje å kunne tilrå vidareføring av «Spissa idrettstilbod i vidaregåande opplæring for potensielle toppidrettsutøvarar» ut over skuleåret 2016-2017. Det betyr at det ikkje vert teke inn nye elevar til vg1 til skuleåret 2015-2016.